



Gripsgård Bygg AS  
Runar Fjeldstad  
Roslandsvegen 364A  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/3106 - 22/38272

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
18.05.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/155 Alver**

Tiltak: oppføring av einebustad (Bolig B), etablering av veg og avkøyring  
Byggjestad: Gbnr: 137/155  
Tiltakshavar: Stian Gripsgård  
Ansvarleg søkjar: Gripsgård Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.04.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Samtykkje frå eigar av gbnr 137/63 på plassering av veg 0 m frå nabogrensa skal sendast inn, evt. kan det søkjast om dispensasjon frå avstandskrav i PBL §29-4.
2. Samtykkje frå eigar av gbnr 137/49 på plassering av fylling 0 m frå nabogrensa og evt. på anna manns grunn skal sendast inn, evt. kan det søkjast om dispensasjon frå avstandskrav i PBL §29-4.
3. Avkjørsel til eigedommen er ikkje i tråd med reguleringsplanen og krev dispensasjon. Det krev dispensasjon frå planføremaal f\_SVT6 sidan avkjørsle kryssar dette planområde regulert til anna veggrunn-teknisk anlegg jf. pkt. 5.3. Dispensasjonssøknaden må nabovarslast.
4. Situasjonsplan må vise vegtrase, murar med avstand til nabo.10% av p-plasser skal vere HC-utforma. Det ligg ikkje føre dokumentasjon på dette.
5. Tverr- og snittprofilar på veg og stigning må visast på detaljteikningar.
6. Snittprofil skal vise koter.
7. Plan for håndtering og deponering av masser skal leverast inn i tråd med pkt.2.2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 18.06.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **GENERELL INFORMASJON**

**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Stian Gripsgård

MOLDEKLEIVMARKA 69A

5919

FREKHAUG

### **Mottakarar:**

Gripsgård Bygg AS

Roslandsvegen 364A

5918

FREKHAUG